

Budsjett 2019



Budsjettdokument for 2019 og
økonomiplan for 2019 - 2022

Første utkast fra rådmannen
UTAN gebyrforslag for 2019
Dato: 31.10.2018



RADØY

den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Framlegget til budsjett for 2019 bygger på rekneskapen for 2017, budsjett 2018 og statsbudsjettet for 2019.

Realistisk budsjett og streng kostnadsfokus vil vere heilt sentralt også i 2019. Budsjettet legg opp til eit svært lite mindreforbruk. Dette for å kunne få drift på nokonlunde same nivå som i 2018. Det er i tillegg naudsynt med styrking av drifta på nokre få område.

2019 vil vere eit viktig år for bygging av Alver kommune. Samanslåinga vil krevje mykje i 2019 av mange personar i organisasjonen, spesielt leing og dei som vil få dei største endringane ved samanslåinga. Tenestene må liggja på eit forsvarleg nivå, men forventningane til ein del aktivitet må tilpassast situasjonen. Vi har lite personellressursar på ein del område og er derfor sårbar når personell vert bundne opp i bygginga av ny kommune. Dessutan er faren for at nøkkelpersonell sluttar til stades. Det bør sjåast på ordningar som kan demme opp for dette.

Når det gjeld investeringar er det lagt opp til eit relativt omfattande budsjett, både når det gjeld aktivitetsnivå og økonomisk ramme. Året 2019 er strategisk viktig og bestemmer kva kommunen skal få utført før kommunesamanslåinga. Økonomiplanperioden går fleire år inn i ny kommune og det er viktig å vise kva Radøy kommune vektlegg for Radøy inn i den nye kommunen.

Kommunen som tenesteleverandør

Radøy kommune skal levera ei rekkje tenester til innbyggjarane i Radøy, frå jordmortenester ved fødsel, via barnehage og skule under oppveksten, til pleie- og omsorgstenester til eldre og andre som har trong for pleie, tilsyn eller anna hjelp til å meistra kvardagen. I tillegg skal det leverast mange andre tenester undervegs, frå musikk- og kulturskule til vassforsyning og stell av grøntanlegg.

Til å finansiera alt dette får kommunen overført midlar frå staten i form av rammetilskot og skatt, i tillegg til ymse andre tilskot og overføringar. Innbyggjarane betalar eigedomsskatt og gebyr eller eigenbetaling for ein del tenester. Til saman må dette «gå rundt» og samstundes gje tilstrekkeleg overskot til at kommunen ikkje vert utarma over tid.

Staten fastset storleiken på rammetilskot, og langt på veg skatt, i statsbudsjettet. Rammetilskotet kan kommunen ikkje påverka på annan måte enn gjennom folketalet. Refusjonsinntekter og overføringar er i stor grad knytt til produksjon av tenester og skal i beste fall dekkja kostnadene som følgjer av dette. Eigenbetalingar og gebyr er regulerte anten gjennom sjølvkost eller direkte i forskrift. Dei samla inntektene er såleis lite påverkelege, og dei ein kan gjera noko med, er det som regel

vanskeleg å auka utan at dette fører til minst like store meirkostnader. Dette er noko av det som skil kommunebudsjett frå budsjett i private verksemdar.


Rammetilskot

Diagrammet nedst på denne sida syner utviklinga i folketal, fordelt på ulike aldersgrupper i Radøy dei fem siste åra. Vi ser at folketalsveksten i all hovudsak kjem frå aldersgruppene 67 - 89 år, og diagrammet viser at befolkninga vert eldre i Radøy. Folketalet pr 1.7. er avgjerande for storleiken på rammetilskot for 2019, medan folketalet 1. januar 2019 bestemmer påreknna skatteinngang. Pr 1. juli 2018 var folketalet i Radøy 5.136, ein vekst på 23 innbyggjarar samanlikna med same tidspunkt i 2017. Dette er ein auke på 0,45 prosent, medan landsveksten er på ca 0,65 prosent. Folketalet pr 1. januar 2019 blir først kjent i februar 2019.

Tabellen på side 4 syner fordelinga av rammetilskotet for dei tre siste åra. Vi ser at innbyggjartilskotet for 2019 har auka med om lag 5,6 mill samanlikna med 2018, medan utgiftsutjamninga har auka med om lag kr 660.000.

Det særskilde tilskotet til kommunar som slår seg saman kom i 2017 og vert vidareført og prisjustert for 2019. I

Endring i folketal pr aldersgruppe



Hovudoversyn drift 2019	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	17 237 356	23 849 216	23 849 216	21 799 159
Andre sals- og leigeinntekter	30 644 584	22 661 556	22 661 556	24 469 872
Overføringar med krav til motyting	68 655 827	39 308 676	39 308 676	45 986 442
Rammetilskot	166 286 883	168 988 000	170 058 000	180 299 000
Andre statlege overføringar	15 687 014	15 104 500	16 375 500	11 773 000
Andre overføringar	1 297 491			
Skatt på inntekt og formue	119 973 242	121 100 000	120 601 000	120 193 000
Eigedomsskatt	15 191 161	15 197 000	15 197 000	15 197 000
Sum driftsinntekter	434 973 558	406 208 948	408 050 948	419 717 473
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	242 258 947	236 663 937	237 391 437	245 342 276
Sosiale utgifter	63 153 787	65 377 883	65 480 883	72 861 432
Kjøp av varer/ten. som inngår i tenesteprod.	56 612 132	45 882 617	47 161 117	44 988 023
Kjøp av tenester som erstattar tenesteprod	29 864 619	32 484 000	32 536 000	38 952 900
Overføringar med krav til motyting	34 339 392	20 082 800	19 919 800	19 553 800
Avskrivningar	15 523 490	15 600 000	15 600 000	16 000 000
Fordeelte utgifter	-1 213 060	-710 000	-710 000	-710 000
Sum driftsutgifter	440 539 307	415 381 237	417 379 237	436 988 431
Brutto driftsresultat	-5 565 748	-9 172 289	-9 328 289	-17 270 958
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbyte	5 315 002	3 987 000	4 987 000	4 911 000
Mottekne avdrag på utlån	145 430	60 000	60 000	30 000
Sum eksterne finansinntekter	5 460 432	4 047 000	5 047 000	4 941 000
Finansutgifter				
Renteutgifter og lånekostnader	5 191 953	5 609 000	5 765 000	7 850 000
Avdrag på lån	8 926 370	8 994 000	9 015 000	10 183 000
Utlån	121 323	60 000	60 000	-
Sum eksterne finansutgifter	14 239 646	14 663 000	14 840 000	18 033 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 779 214	-10 616 000	-9 793 000	-13 092 000
Motpost avskrivningar	15 523 490	15 600 000	15 600 000	16 000 000
Netto driftsresultat	1 178 528	-4 188 289	-3 521 289	-14 362 958
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år	13 173 445		-	-
Bruk av disposisjonsfond	1 169 987	2 243 000	2 601 000	10 953 000
Bruk av bundne fond	8 792 274	3 908 000	3 950 000	3 555 754
Sum bruk av avsette midlar	23 135 706	6 151 000	6 551 000	14 508 754
Overført til investeringsregnskapen			-	-
Dekking av meirforbruk frå tidl. år			-	-
Avsett til disposisjonsfond	13 173 445		1 067 000	-
Avsett til bundne fond	3 445 610		-	-
Sum avsetjingar	16 619 054	0	1 067 000	-
Meir (-) /mindre (+) forbruk	7 695 179	1 962 711	1 962 711	145 796

talet 4,3 mill ligg også eit regionsenter-tilskot på nær 0,9 mill.

Utgiftsutjamninga er eit komplisert system med kriterium og veking, som gir eit tillegg eller frådrag til innbyggjartilskotet.

For Radøy sin del får vi i 2019 eit samla utrekna utgiftsbehov som er 6,44 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Dette gir 17,3 mill i utgiftsutjamning i 2019. Dei største positive utslaga, i den forstand at vi får ekstra midlar, er knytt til tal psykisk utviklingshemma over 16 år, tal born i aldersgruppa 2-5 år og

tal personar i aldersgruppa 80-89 år. Trekk i utgiftsutjamninga kjem først og fremst som følge av tal innbyggjarar med høgare utdanning, tal flyktningar utan integreringstilskot og tal ikkje-gifte over 67 år. Skjønstilskot frå Fylkesmannen er gitt med 3,5 mill. for 2019, ein reduksjon på 0,1 mill.

Skatteinntekter

I framlegget til statsbudsjett er det lagt opp til at skatteøyret vert redusert med 0,25 prosentpoeng til 11,55 prosent, for

2019. Endeleg sats vert først fastsett ved handsaming i Stortinget, og rådmannen legg til grunn at Radøy kommune følgjer satsane som vert vedtekne av Stortinget for 2019.

Skatteinngangen er alltid usikker, men sidan Radøy kommune har skatteinngang under 90 prosent av landsgjennomsnittet, får lokal endring i skatteinngangen mindre å seia for inntekta vår. Til gjengjeld vil endring i skatteinngangen på landsplan ha sterk innverknad. Dette skuldast ordninga med inntektsutjamning. Inntektsutjamninga blir i rekneskap og budsjett

Budsjettskjema 1A - 2019	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	119 973 242	121 100 000	120 601 000	120 193 000
Ordinært rammetilskot	166 286 883	168 988 000	170 058 000	180 299 000
Skatt på eigedom	15 191 161	15 197 000	15 197 000	15 197 000
Andre generelle statstilskot	14 687 014	15 104 500	16 375 000	11 773 000
Sum frie disponible inntekter	316 138 300	320 389 500	322 231 000	327 462 000
Renteinntekter og utbytte	-5 315 196	-3 987 000	-4 987 000	-4 911 000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	5 189 080	5 609 000	5 765 000	7 850 000
Avdrag på lån	8 926 370	8 994 000	9 015 000	10 183 000
Netto finansinnt./utg.	-8 800 254	10 616 000	9 793 000	13 122 000
Til ubundne avsetjingar	-13 173 445	-		
Bruk av tidlegare mindreforbruk	13 173 445			
Bruk av ubundne avsetjingar				5 000 000
Netto avsetjingar	0			5 000 000
Overført til investeringsrekneskapen	0			0
Til fordeling drift	307 338 046	309 773 500	312 438 000	319 340 000
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	299 642 867	307 811 009	310 475 789	319 194 204
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	7 695 179	1 962 492	1 962 211	145 796

ført som ein del av rammetilskotet. Skatteinngangen har vore svak i Radøy i 2018, og det er i budsjettet for 2019 lag til grunn nær nullvekst samanlikna med både 2017 og 2018. På landsplan er det rekna med vekst på 1,2%. I høve til dei påreknna frie inntektene som går fram av statsbudsjettet, «taper» vi om lag kr 900.000 som følgje av svært svak skattevekst i Radøy.

Samanliknar vi tala i tabellen nedanfor, er veksten frå 2018 til 2019 berre 2,74%. Påreknna pris- og lønsvekst er i statsbudsjettet sett til 2,8 prosent.

I framlegget til statsbudsjett går det fram at auka frie inntekter er tenkt å dekkja auka ressursinnsats på følgjande område:

- Endring i folkemengd og alderssamansetjing
- Auka pensjonskostnader
- Opptappingsplan rusomsorg

- Tidleg innsats i skulen
- Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering

Midlane er ikkje øymerka, og det er kommunestyret som prioriterer bruken av dei samla frie inntektene. Tilskot ressurskrevjande brukarar vert vidareført med 80% kompensasjon, men auka innslagspunkt til kr 1,320 mill. Det inneber ein auke på 50.000 ut over justering for påreknna lønsvekst (2,8%).

Eigedomsskatten vert føreslegen vidareført med 7 promille som hovudsats, men med 3 promille på bustader og ubygde grunnstykke.

Slik det ser no, vil det berre koma 6 nye flyktningar til Radøy i 2018. Situasjon for 2019 er uviss, men rådmannen legg til grunn 6 nye flyktningar kvart år i åra som kjem. **Integreringstilskotet**

vert såleis 4,3 mill lågare enn for 2018. Dette fører også med seg reduserte driftskostnader.

Renteinntekter og utbytte er sett til 4,9 mill. Påreknna aksjeutbytte i BKK er sett til kr 3,9 mill, som er same nivå som for 2018. Høge straumprisar gjennom heile 2018, burde gje grunnlag for same utbytte i 2019 som i 2018.

Renter på bankinnskot er knytt til 3 månaders NIBOR, som er rentenivået mellom bankane i Noreg. Nivået på 3 mnd NIBOR er svakt aukande. Vi har dei seinare åra hatt mykje unyttja lånemidlar ståande på bankkonto, men dette vil gå ned i løpet av 2019. Påreknna renteinntekter av bankinnskot vert såleis sett til kr 600.000 som eit rimeleg anslag. I tillegg kjem også renter av formidlingslån, om lag kr 300.000.

Renteutgiftene er estimert til 7,85 mill i 2019. Kommunen har fastrenteavtale på tre lån i Kommunalbanken, bundne til 2,49 prosent fram til august 2019. Denne rentebindinga vart gjort i august 2014, og på dette tidspunktet vurderte rådmannen det som rett å gå inn for binding i fem år, for å sikra føreseieleg rente på ein del av lånemassen. For dei resterande låna har vi flytande rente. Den flytande renta i Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt er for tida (oktober 2018) ca 1,8 prosent.

Etter ein lang periode med svært låge renter, ser rentenivået no ut til å vera stigande, sjå Noregs bank si rentevifte i

Rammetilskot og skatt (tal i heile tusen)	2017	2018	2019
Innbyggjartilskot (lik sum pr innbyggjar i heile landet)	118 662	121 311	126 909
Utgiftsutjamning	15 484	16 269	16 930
Overgangsordningar	623	-365	-273
Saker med særskilt fordeling	1 214	1 155	1 298
Ordinært skjøn	3 700	3 600	3 500
Inntektsutjamning	23 321	26 162	27 627
Skatteinngang	118 793	119 984	120 193
Særskilt samanslåingstilskot	2 735	3 243	4 309
Budsjettavtale og RNB 2017/18	-114	1 131	
Sum rammetilskot og skatt	284 418	292 500	300 492

diagrammet nedanfor. Rådmannen følger Kommunalbanken sitt anslag på budsjettrenter for 2019 -22. Samanlikna med 2018 aukar rentekostnadene med over 2 mill. i 2019.

Avdragsutgiftene er sett til 10,18 mill i 2019. Kommunen er pålagt å betala avdrag kvart år, og det er fastsett retningslinjer for å rekna ut minsteavdrag, der ein legg til grunn vekta gjennomsnitt basert på avskrivningstida til dei ulike anleggsmidlane. Frå 2020 vert det innført nye retningslinjer for utrekning av minsteavdrag. Fylkesmannen legg til grunn at avdraga bør vera 3,5 prosent av lånegjelda kvart år, og budsjetterte avdrag er om lag i samsvar med dette. Samanlikna med 2018 aukar avdragskostnaden med 1,1 mill.

Brutto lånegjeld, inkl. lån til vidare utlån, vil pr 1.1.2019 vera ca kr 290 mill. Med planlagde låneopptak og avdrag i 2019, vil lånegjelda auke til ca 400 mill ved utgangen av 2019.

Radøy kommune har i mange år hatt ei lånegjeld som har vore lågare enn mange andre kommunar. Radøy kommune har lågare skatteinngang og høgare utgifter enn gjennomsnittskommunen, og må difor ha lågare gjeldsgrad.

Eit mykje nytta samanlikningstal for å vurdera gjeldsnivået er netto lånegjeld i prosent av sum brutto driftsinntekter. Rådmannen ser at det må gjerast ein del viktig investeringar i åra som kjem, og dette vil føra til auke av lånegjelda. Slik budsjett og økonomiplan ligg føre,

vil lånegjelda overstiga 100 prosent av driftsinntektene alt i 2020.

Rådmannen er uroa over auken i finanskostnader i åra som kjem. Kombinasjon av auka rentenivå og betydeleg auka lånegjeld, gir sterkt press på drifta, og frå 2020 må det årleg sparast 1% i drifta for å få til positiv drift.

Pensjonskostnaden er venta å auke mykje i 2019. Dette skuldast dels utvida tenesteomfang, men også auka kostnadsføring av premieavvik frå tidlegare år.


2019 er eit spesielt år, det siste driftsåret for Radøy kommune. Bygging av Alver kommune fører med seg mykje ekstra kostnader, som skal dekkast av

avsette fondsmidlar, jf kommunestyrevedtak om disponering av resultat 2017. Det er difor føresett nytta om lag 2,8 mill av midlane i 2019

Frå havbruksfondet vart det i 2018 utbetalt over 15 mill til Radøy kommune. Dette er frie midlar, som kommunen disponerer fritt. Samstundes er utbetalingane frå fondet ikkje regelmessige. Rådmannen har difor lagt til grunn at utbetalinga i 2018 vert «fordelt» over fleire år. Det er difor nytta 5 mill av utbetalinga i 2019, som bruk av disposisjonsfond.


Vidare er det føresett brukt ca 2,3 mill av avsett integreringsfond til arbeid med integrering av flykningar i 2019.

Figur 1.1a Styringsrenten med usikkerhetsvifte¹⁾. Prosent. 1. kv. 2012 – 4. kv. 2021²⁾



1) Usikkerhetsviften er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringer fra vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO. Den tar ikke hensyn til at det eksisterer en nedre grense for renten.
2) Anslag for 3. kv. 2018 – 4. kv. 2021.
Kilde: Norges Bank

Netto lånegjeld i % av driftsinnt.



Diagrammet til venstre syner korleis utviklinga i netto lånegjeld i høve til driftsinntektene vil vera i økonomiplanperioden. Tala er ikkje 100 prosent i samsvar med SSB sin definisjon av netto lånegjeld, men utviklinga vil i all hovudsak samsvara. Stort låneopptak i 2019 gir bratt auke av lånegjelda.

Budsjettskjema 1B 2019	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
Stab og politisk	19 739 292	20 137 803	20 087 793	21 458 635
Oppvekst	113 075 000	121 376 275	121 679 275	125 932 994
Helse og omsorg	131 743 292	131 304 809	133 097 599	135 180 894
Drift og forvaltning	35 085 283	34 992 122	35 611 122	36 621 681
SUM	299 642 867	307 811 009	310 475 789	319 194 204

Budsjettet for 2019 er oppgjort med ein svakt mindreforbruk på «botnlina». Driftsresultatet er sterkt negativt, og botnlina blir berga av disposisjonsfond og bunde fond knytte til sjølvkostområda.

Rådmannen vurderer det framlagde budsjettet som akseptabelt, sett i lys av den spesielle situasjonen i 2019, og dei politiske føringar som ligg føre.

Stab og politisk

Stab og politisk femner om ordførar og andre politiske organ, revisjon, rådmannen og staben hans. I tillegg kjem felles landbrukskontor, Nordhordland digitalt, tillitsvalde og ein del felles kostnader, som IKT Nh, datakommunikasjon, lisensar, kontingentar og forsikring.

Forsikringspremie knytt til personar og ansvar vert kostnadsført sentralt, bygningar og bilar på aktuelle tenesteområde. For 2019 vert det berre mindre endringar i premiane, trass i varsla generell premieauke.

Ressursbruken i rådmannsstaben er i all hovudsak uendra samanlikna med 2018, bortsett frå ordinær lønsvekst. Felles landbrukskontor og Nordhord-

land Digitalt er interkommunale tiltak. Det er lagt inn ny stilling som kommuneadvokat, dels finansiert av reduserte kostnader til juridisk hjelp for barnevernet, dels frå omstillingsfondet.

Det er sett av sentrale midlar til markering av at 2019 er siste året Radøy er eigen kommune.

Oppvekst

Statlege satsingar:

Tidleg innsats: Elevar som heng etter av ulike årsaker skal få tidleg hjelp. Det er hausten 18 innført lovrett for å sikre tidleg innsats.

Lærarløftet/Kompetanse for kvalitet: Det vert i statsbudsjettet sett av 1,6 milliardar til å auke lærarane sin kompetanse med vidareutdanning for å møte kompetansekrav som gjeld frå 2025. I tillegg er det lagt inn 1,5 milliard til auka lærartettleik (lærarnorma).

Kompetansereforma: Barnehagane fekk ny rammeplan gjeldande frå 2017, medan skulane sine nye læreplanar skal gjelde frå 2020. Dette er omfattande endringar som skal gjennomførast for å sikre at elevane si opplæring er i tråd med den kompetansen dei vil trenge i framtida.

Tiltak mot mobbing: Ingen barn skal oppleve å verte mobba i barnehagen eller i skulen. Den kompetansen vi

har i dag på dette feltet gjer at vi veit at målretta innsats på området gjer at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Fokuset og elevane sine lovrettar gjer at det vert arbeidd systematisk med inkludering og antimobbearbeid.

Lokale satsingar:

Bemanningsnorm/

pedagognorm

I barnehagane vart det 1.8.18 innført krav til Pedagognorm og det skal vere minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

Bemanningsnorma set krav om minimum 1 voksen per 3 barn under tre år og 1 voksen per 6 barn over tre år. Dette får konsekvensar i budsjettet og dei samla kostnadane er med å auke rammene for barnehagane.

Læringsmiljø

Alle barnehagane og skulane i Radøy er med i Utdanningsdirektoratet si satsing på «Inkluderende læringsmiljø i barnehage og skole – Pulje 3». Gjennom kompetanseheving, planverk og felles refleksjon arbeider barnehagane med prosjektet. Kommunen har mottatt 500 000 i støtte frå fylkesmannen for å arbeide med ein felles strategi for eit godt og utviklande læringsmiljø for alle, frå barnehage og ut grunnskulen.

Barn og unge vil i framtida trenge annan kompetanse enn det vi har tenkt dei siste 100 åra. Teknologi gjer at framtidas kompetanse går først og fremst på grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving, rekning og digital kompetanse. Vidare vert det viktig med strategiar for læring og kjeldekritikk.

Språk/lesing

Arbeidet med språk og lesing er særst viktig for korleis elevane lærer i skulen. Språkutviklinga eit barn har dei 1000 første dagane dannar grunnlaget for korleis dei klarar seg resten av livet. Difor må foreldra få god informasjon på helsestasjonen og seinare i barnehagen. Ein må heile tida vere målretta i dette arbeidet for å skape barn og unge som kan meistre og utvikle seg for å verte trygge og reflekterte vaksne i heim og arbeid.

Ny læreplan i barnehage og skule: For å sikre at barnehagane og skulane gjennomfører opplæringa i tråd med sentrale styringsdokument treng ein å arbeide grundig med rammeplan og læreplan. Det reformarbeidet som

Elevtal pr skule, oppdatert pr oktober 2018

Trinn	Manger	Hordabø	Aust-ebygd	Sæbø
1	32	15	7	14
2	22	13	2	10
3	18	23	7	13
4	29	17	4	15
5	28	20	3	15
6	30	9	7	17
7	23	10	9	11
	182	107	39	95

Elevtala syner kor mange elevar som går på kvar einskild skule. Tala er henta frå skulane si GSI-rapportering når det gjeld elevar som går på skulen.

skular og barnehagar gjer på dette området er viktig for å sikre at ein er førebudd og arbeider framtidsetta i inkluderande skular og barnehagar.

Helse og omsorg

Helse og omsorg har eit stort og mangfaldig tilbod til menneske i alle aldrar og med alle typar tilstandar. Det gjer tenesta kompleks og kompetansekrevjande. Den nyleg godkjende kommunedelplanen for helse, og omsorg gjev retning for prioriteringar i sektoren dei komande åra. Planen har særleg fokus på heilskaplege og samanhengande tenester. I planen er det lagt inn oppretting av ergoterapeut. Av økonomiske grunnar vert planen ikkje følgt på dette området.

Det vil framleis vere stort behov for auka kompetanse på mange felt. Fleire medarbeidarar har teke til med ulike vidareutdanningar. Velferdssenteret planlegg å ha særleg kompetanse på palliasjon. I samsvar med planstrategien vil det bli utarbeidd fagplan for rehabilitering og fagplan for demens i 2019. Innføring av ulike løysingar innan velferdsteknologi har alt ei stund stått sentralt og i 2019 vil ytterlegare meir hjelpemidlar bli plassert ut i heimane.

Oppfølging av tiltaka i den bustadso-siale handlingsplanen, vil ha høg prioritet i 2019. Eit viktig mål er å skaffe fleire eigna bustader for vanskelegstilte og å betra samordninga av bustadtenesta.

I Omsut er det budsjettert med eit nytt svært kostnadskrevjande tiltak i 2019, Tiltaket starta medio 2018 og vil vara ved, men på sikt venteleg i ei anna form enn i dag. Flyktingetenesta er styrka med burettleiar i 2018, den blir vidareført. Tal nye flykningar til kommunen i 2018, er 6 personar. Det er uklare signal frå sentralt hald om korleis tildeling vil bli dei komande åra. Radøy kommune vert i 2019 vertskommune for barnevernet i Meland, Lindås og Radøy. Radøy får då arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i barnevernet og overordna ansvar for den totale tenesta. Det samla barnevernet vert lokalisert i Knarvik, og inngår i Alver kommune frå 01.01.2020.

Frå 2019 blir det innført nye sentrale retningslinjer for samhandling innan psykisk helsevern med m.a. krav til kommunen om oppnemning av koordinator for personar i behandling.

Det vert vidare innført betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar innan psykisk helsevern, der opphaldskommunen får betalingsplikt. Ruskoordinatortillinga er prosjektstilling til mai 2019, den vert vidareført og lagt inn som fast stilling. Frå 01.03.2019 vert det oppretta felles oppsøkjande og ambulant team for alle kommunane i Nordhordland. Teamet rettar seg mot personar med alvorleg psykisk lidning og ofte også eit rusproblem. Fleire av dei tilsette i helse og omsorg har fått tenesteleiarstillingar i nye Alver kommune. Mange fleire er, og vil bli mykje involverte i ulike prosjektarbeid. Det er positivt å vera med å utforma den nye kommunen, samstundes tek det ein del ressursar frå dagleg drift.

Drift og forvaltning

Dei budsjettmessige endringane for sektoren drift og forvaltning i 2019-budsjettet er i stor grad relatert til førebuande arbeid knytt til bygging av ny kommune, t.d. gjennom endra organisering og styrking av enkeltfunksjonar.

Radøy brannvern vert frå årskiftet 2018/19 ein del av Nordhordland brann og redning, med Lindås kommune som vertskommune. Verksemdsoverdraginga medfører ein estimert auke i kostnadene på om lag 750 000 kr, jf. KS -028/2017, og er budsjettert under «Felles drift og forvaltning». Budsjettet for Løn og rekneskap, som fram til etableringa av Alver kommune vert drifta av Lindås kommune, er også lagt under «Felles drift og forvaltning», og er ikkje lenger eige ansvar i budsjettet.

Det har vist seg utfordrande å styrke plankapasiteten ved Teknisk forvaltning (TFO), slik planen var i 2018, men rådmannen ønskjer framleis å arbeide for å få til ei styrking. Rådmannen rår til at også budsjettet for Teknisk drift vert styrka for å følgje opp løpande prosjektarbeid innanfor teknisk i 2019.

Fleire av investeringsprosjekta frå innverande år er klar for iverksetting, etter at planarbeid og førebuande arbeid er ferdigstilt i 2018, og kjem i tillegg til store investeringsprosjekt innan oppvekst- og VA-sektoren. Samanlikna med Lindås og Meland, har Radøy kommune etter måten avgrensa ressursar til oppfølging av prosjektarbeid innanfor teknisk sektor. Budsjetterte inntekter i Radøyhallen er vesentleg redusert på bakgrunn av politisk vedtak om gratis bading for 1.- og 2. klassingar, og gratis halltid for organiserte fysiske aktivitetar for barn og unge under 19 år i kommunen.

Også budsjettet for Kultur- og sørvistorget er auka som følge av førebuingane til etableringa av Alver kommune. Arbeid med å avslutte arkiv har gitt auka kostnader, både med omsyn til ekstraarbeid og styrka ressurs i eigen regi i 2019, samt kjøp av ekstra depot og tenester hjå Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH). Det er også estimert og budsjettert kr 100 000 til å dekke resterande kostnader ved digitalisering av byggesaksarkivet. KST leverer støtte-tenester til mange av tenestene i kommunen, og er i stor grad involvert i det førebuande arbeidet i samband med etableringa av den nye kommunen.

Styrka satsing på leseopplæring for barn og unge i kommunen gjenspeglar seg i budsjettet for biblioteket, med ei styrking av midlar til kjøp av media og mindre auke i honorar. Både lovverket og lokal strategi for biblioteket understrekar biblioteket si utvida rolle som formidlar av kunnskap og kultur, og som lokal møteplass.

Det er lagt opp til ei vidareføring av 2018-nivå for budsjettet til Frivilligsentralen i 2019, til det gode og viktige arbeidet som Frivilligsentralen leverer - primært til den eldre delen av befolkninga i Radøy.

Etter fleire år med vesentleg satsing på investeringar til kyrkja, og den økonomiske situasjonen for kommunen, rår rådmannen til at auken i budsjettet til kyrkja vert avgrensa til lønsauke for 2019.

Investeringar

Rådmannen legg i 2019 opp til investeringar i anleggsmidlar på kr 139.205.000. I tillegg kjem kjøp av andelar i KLP, om lag kr 1.350.000,-. Dette vil vera det klårt størst investeringsbudsjettet i Radøy nokonsinne. Samanlikna med vedteken økonomiplan av 21.06.2018, sak 026/2018, aukar investeringane i 2019 isolert sett med om lag 49 mill, men samstundes vert investeringane i 2018 redusert med nær 26 mill. Likevel gir dette ein auke i investeringar på 24 mill om ein ser dei to åra under eitt. I hovudsak kjem auken som følgje av oppgraderinga av Solhall.

Det er lagt inn kr 500.000 til **kjøp av bilar** i 2019. Det er stadig trong for utskifting av eldre bilar, men samstundes er det også ein aukande tendens til å nytta leasing, der kostnadene går direkte i drift.

Rådmannen ber kommunestyret løyva 2,2 mill til **kyrkja**, til universell utforming og delfinansiering av minnelund på Manger kyrkje.

Posten **mindre investeringar** bør vidareførast med 1,5 mill til å dekkja kostnader til påkomande prosjekt i løpet av året.

Det må arbeidast vidare med planar for ei permanent utviding av **Manger skule**, og rådmannen ber om ei løyving på 1,5 mill til planarbeid i 2019, slik at arbeid kan startast opp i 2020.

Ved **Radøy ungdomsskule** er det trong for oppgradering av naturfagsalen. Dette var tenkt gjort i 2018, men arbeidet har ikkje kome i gang.

Rådhuset på Manger skal vera eit tenleg bygg for radværingane også etter 2020, og rådmannen ber kommunestyret løyva kr 5 mill til planlegging og bygningsmessige tiltak i 2019. Dette er også i samsvar med vedteken økonomiplan.

Kommunestyret har tidlegare vedteke at areal, leikeapparat og inventar m.v. ved **Austebygd skule og barnehage** skal framstå som tidsmessige og tenlege. Rådmannen ber om ei løyving på 2,9 mill i 2019 for å få dette til. Kostnadene er basert på overslag ut frå dei behova skulen ser.

Prosjekt nybygg **Bø barnehage** har vore under planlegging i lengre tid, og reguleringsplan er vedteken. Det ligg enno ikkje føre ein rimeleg sikker kalkyle på nybygget, men rådmannen ber om ei løyving på 40 mill i budsjettet for 2019 til dette prosjektet. Det vil verta lagt fram eiga sak på godkjenning av kostnadsramme for prosjektet.

Ved **Velferdssenteret** er det trong for bossrom og skyllerom, eit arbeid som var tenkt gjennomført i 2018. Det har så langt ikkje vore kapasitet til å gjennomføra tiltaket, og rådmannen ber om at det vert rebudsjettert 1 mill til tiltaka i 2019.

Iflg vedteken **bustadsosial handlingsplan** skal det byggjast ein del nye bygg i planperioden. For 2019 er det planlagt å erstatta noverande trygdebustader i Prestmarkvegen med fem nye bustader, der det i tillegg er eige personalrom. Kostnadene ved dette er førebels grovestimert til 14 mill. Det vert lagt fram eiga sak om godkjenning av kostnadsramme for prosjektet.

Rådmannen meiner også at det bør løyvast 3,5 mill til **oppgradering av omsorgsbustader**. Av dette gjeld om lag 1,6 mill bustader i Raunholm-skogen og resten omsorgsbustadene knytt til Velferdssenteret. Tiltaket er delvis påbegynt i 2018, og noko av løyvinga er såleis ei rebudsjettering.

Rådmannen rår også til å setja av midlar til lys og til tredje og siste trinn i utbygginga av **turløypa på Manger**.

Det vart i 2018 også løyvd 2 mill til tiltak kring **prestegarden, prestegardshagen og tingstova**. Planarbeid er gjort i 2018, men ein kjem først i gang med fysiske tiltak i 2019. Rådmannen ber såleis om rebudsjettering av 2 mill i 2019.

Arbeidet med **oppgradering av Solhall** er i gang, og kommunestyret har vedteke kostnadsramme for byggetrinn ein. I samsvar med entreprenøren sin framdriftsplan må det løyvast 19,23 mill. i 2019.

Bygging av ny **brannstasjon** har lenge vore drøfta. Det hastar no å finna ei

løyving for ny brannstasjon, og rådmannen ber om ei løyving på 1 mill til prosjekteringsarbeid i 2019, med oppstart av byggearbeid i 2020. Det vert lagt fram eiga sak på godkjenning av kostnadsramme for prosjektet.

Hovudplanane for vatn og avløp

vert rullerte i desse dagar, og i investeringsbudsjettet for 2019 er lagt inn dei tiltaka som skal gjennomførast iht planane. Når det gjeld vassverket er dei viktigaste underprosjekta nytt høgdebasseng Haukåsen, ny vassleidning Austmarka - Storsandvik og ny vassleidning Vetås - Haukeland - Storheim. Iht avløp er nytt reinseanlegg på Manger det klårt største tiltaket. Her har kommunen sikra seg naudsynt grunnareal, og alt ligg til rette for at anlegget faktisk blir realisert i 2019.

Det har i noko tid vore arbeidd med å få til ein **parkeringsplass på Marøy**, for besøkjande til naturområdet. Rådmannen ber om ei løyving på kr 250.000 for å kunna realisera ei tenleg løyving for parkering.

Det har også kome innspel om tilrettelegging av **tursti på Solendfjellet**.

Rådmannen ber om at det vert løyvd 2 mill til oppfølging av **vedteken trafikk sikringsplan**.

I 2017 og 2018 vart det ikkje teke opp **nye lån i Husbanken til vidare utlån** (startlån). Dette har kome som ein konsekvens av nye reglar for startlån, kombinert med at etter måten mange startlån har vorte løyste inn dei siste par åra. I 2019 er det signalisert nye bustadprosjekt, der det er ønskjeleg at kommunen kan gå inn med startlån, i samsvar med gjeldande regelverk. Rådmannen meiner difor at det bør takast opp lån i Husbanken til vidare utlån med kr 5 mill i 2019.

Av dei samla investeringane på 134,6 mill utgjer vatn og avløp om lag 22%, eller knapt 31 mill. Desse investeringane er sjølvfinansierande, i den forstand at gebyrinntektene og finansierer kapitalkostnadene. Likevel må desse investeringane finansierast i investeringsbudsjettet, på same måte som «vanlege» investeringar.

I budsjettet for 2018 var det lagt til grunn at investeringane knytt til pre-

Investeringsbudsjett 2019

Hovudoversikt investering	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
Inntekter				
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	18 000	-	-	-
Andre salsinntekter	48 375	-	-	-
Overføringer med krav til motyting	3 268 678	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	3 322 034	11 472 000	11 472 000	17 955 000
Statlege overføringer	-	-	-	-
Andre overføringer	-	-	-	-
Renteinntekter og utbyte	-	-	-	-
Sum inntekter	6 657 087	11 472 000	11 472 000	17 955 000
Utgifter				
Kjøp av varer/ten. som inng i tenesteprod.	21 088 664	87 930 000	77 330 000	136 980 000
Kjøp av tenester som erst. tenesteprod	-	-	-	-
Overføringer med krav til motyting	3 672 034	5 000 000	5 000 000	2 225 000
Renteutgifter og omkostningar	335	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	24 761 033	92 930 000	82 330 000	139 205 000
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	3 146 908	3 330 000	3 330 000	2 952 000
Utlån	1 325 000	-	-	5 000 000
Kjøp av aksjar og andelar	1 245 703	1 285 000	1 285 000	1 350 000
Avsett til ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Avsett til bundne investeringsfond	-	-	-	-
Sum finansieringstransaksjonar	5 717 611	4 615 000	4 615 000	9 302 000
Trong for finansiering	23 821 556	86 073 000	75 473 000	130 552 000
Dekka slik:				
Bruk av lån	19 334 299	78 458 000	67 358 000	125 600 000
Sal av aksjar og andelar	-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	4 271 533	3 330 000	3 330 000	2 952 000
Bruk av disposisjonsfond	-	-	500 000	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	4 285 000	4 285 000	2 000 000
Bruk av bundne investeringsfond	215 725	-	-	-
Sum finansiering	23 821 556	86 073 000	75 473 000	130 552 000
Udekket (-) /udisponert (+)	-	-	-	-

Budsjettskjema 2A	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	24 761 033	92 930 000	82 330 000	139 205 000
Utlån og forskutteringar	1 325 000	-	-	5 000 000
Kjøp av aksjar og andelar	1 245 703	1 285 000	1 285 000	1 350 000
Avdrag på lån	3 146 908	3 330 000	3 330 000	2 952 000
Avsetningar	-	-	-	-
Trong for finansiering i året	30 478 644	97 545 000	86 945 000	148 507 000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	19 334 299	78 458 000	67 358 000	125 600 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	18 000	-	-	-
Tilskot til investeringar	-	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	3 322 034	11 472 000	11 472 000	17 955 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	7 540 211	3 330 000	3 330 000	2 952 000
Andre inntekter	48 375	-	-	-
Sum ekstern finansiering	30 262 918	93 260 000	82 160 000	146 507 000
Overført frå driftsrekneskapen	-	-	-	-
Bruk av udisponert frå tidlegare år	-	-	-	-
Bruk av avsetjingar	215 725	4 285 000	4 785 000	2 000 000
Sum finansiering	30 478 644	97 545 000	86 945 000	148 507 000
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Investeringsoversyn skjema 2B

Prosjekt	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 vedteke	Budsjett 2018 regulert	Budsjett 2019
		1 100 000		
K12801	Digitalisering byggesaksarkiv		500 000	1 343 000
	Utskifting av bilar			500 000
K15301	Radøyhallen oppgraderingar	1 200 000	1 800 000	1 000 000
K15831	Kyrkja	5 000 000	5 000 000	2 225 000
	IKT investering IKT Nh	300 000		
K19201	Mindre investeringar	1 500 000	1 500 000	1 500 000
K21201	Uteområde Hordabø skule	300 000	300 000	
K21302	Utstyr gymsal Manger skule	2 000 000	300 000	
K21301	Manger skule utviding	300 000	500 000	1 500 000
K21401	Sæbø skule uteområde	1 000 000	1 800 000	
K21901	Radøy ungdomsskule, oppgrad	800 000	100 000	500 000
K61011	Rådhus/kulturhus/kino	3 000 000		5 000 000
K27111	Austebygd barnehage, inkl uteområde	15 000 000	206 000	2 900 000
K27121	Ny barnehage Bø	-	1 400 000	47 000 000
K27131	Vognskur Sæbø barnehage	230 000	160 000	
K32101	Velferdssenteret oppgradering	2 300 000	-	1 000 000
K32001	Oppfølg bustadsosial handplan	1 000 000	500 000	14 000 000
K32251	Oppgrad omsorgsbustader	4 000 000	500 000	3 500 000
K48001	Turveg/lysløype Manger	2 600 000	2 600 000	3 000 000
K61021	Prestegarden/hagen/tingstova	2 000 000	360 000	2 000 000
K61031	Helsehuset	-	1 500 000	
K61091	Solhall oppgradering	21 000 000	25 406 000	19 230 000
K65001	Brannstasjon	7 500 000	200 000	1 000 000
K62000	Vassprosjekt iht plan	18 000 000	5 225 000	11 400 000
K63000	Avløpsprosjekt iht plan	200 000	3 000 000	19 500 000
K65002	Brannvernustyr	100 000	100 000	-
K67002	Parkeringplass Marøy			250 000
K48002	Tursti Solendfjellet			200 000
K67601	Tiltak iht trafikksikringsplan		2 000 000	2 200 000
	Sum investering	24 761 036	92 930 000	56 000 000
				139 205 000

stegarden, -hagen og tingstova skulle finansierast av kulturfondet, som er eit ubunde investeringsfond. Fondet vil vera om lag 2 mill pr 1.1.2019, og rådmannen rår til at resten av fondet vert nytta til finanseringa av tiltaket kring prestegarden, prestegardshagen og tingstova.

Etter bruk av inntekt frå kompensasjon for meirverdiavgift, står det att 120,6 mill som må lånefinansierast. Rådmanen går såleis inn for at det vert teke opp nye lån kr 120.600.000 til investeringar i anleggsmidlar og i tillegg kr 5.000.000 som lån i Husbanken til vidare utlån (startlån).

Skjemaet ovanfor er forenkla slik at berre prosjekt som har tal i budsjett 2018 eller 2019 er tenke med. Det vert vist til rekneskapsdokument og årsmelding for 2017 for ytterlege informasjon om rekneskapsstal for 2017.

Økonomiplan skjema 1A

	B 2018	B2019	B2020	B2021	B2022
Skatt på formue og inntekt	(119 984)	(120 193)	(120 193)	(120 193)	(120 193)
Rammetilskot	(172 506)	(180 299)	(182 006)	(181 795)	(181 809)
Eigedomsskatt	(15 197)	(15 197)	(15 464)	(15 554)	(15 644)
Andre generelle statstilskot	(31 384)	(11 773)	(13 975)	(7 880)	(10 919)
Sum frie disponible inntekter	(339 071)	(327 462)	(331 638)	(325 422)	(328 565)
Renteinntekter og utbyte	(5 029)	(4 911)	(4 878)	(4 823)	(4 855)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	6 053	7 850	11 232	12 025	12 089
Avdrag på lån iht låneoversyn	9 015	10 183	14 044	16 063	16 466
Netto finansinntekter/-utgifter	10 039	13 122	20 398	23 265	23 700
Til dekk av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år					
Avsetjing til fond					
Bruk av bundne og ubundne fond	-	(5 000)	-	(5 000)	-
Netto avsetjingar	-	(5 000)	-	(5 000)	-
Til fordeling drift	(329 032)	(319 340)	(311 240)	(307 157)	(304 865)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	313 021	319 308	313 424	307 992	301 083
Meirforbruk (mindreforbruk)	(16 011)	(32)	2 184	834	(3 782)

Økonomiplan skjema 1B

	B 2018	B2019	B2020	B2021	B2022
Stab og politisk	21 296	21 459	21 044	21 034	20 518
Oppvekst	123 275	125 933	124 674	123 427	121 576
Helse og omsorg	132 222	135 295	133 549	131 164	127 755
Drift og forvaltning	36 228	36 622	34 158	32 366	31 234
Reguleringspostar	-	-	-	-	-
Til skjema 1A	313 021	319 308	313 424	307 992	301 083

Økonomiplan skjema 2A

	B 2018	B2019	B2020	B2021	B2022
Investeringar i anleggsmidlar	56 000	139 205	78 450	28 750	14 950
Utlån og forskutteringar	-	5 000	-	-	-
Kjøp av aksjar og andelar	1 285	1 350	1 400	1 450	1 500
Avdrag på lån	3 014	2 952	3 136	2 828	2 421
Udekket i investering frå tidl. år					
Avsetjingar					
Trong for finansiering i året	60 299	148 507	82 986	33 028	18 871
Bruk av lånemidlar	(44 756)	(125 599)	(71 137)	(26 507)	(13 975)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar					
Tilskot til investeringar					
Mva -kompensasjon investering	(8 244)	(17 956)	(7 313)	(2 243)	(975)
Mottekne avdrag på utlån og ref	(3 014)	(2 952)	(3 136)	(2 828)	(2 421)
Andre inntekter					
Sum ekstern finansiering	(56 014)	(146 507)	(81 586)	(31 578)	(17 371)
Overført frå drift					
Bruk av avsetjingar	(4 285)	(2 000)	(1 400)	(1 450)	
Sum finansiering	(60 299)	(148 507)	(82 986)	(33 028)	(17 371)
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-

Tala i økonomiplanen er formaterte slik at tal i parantes er inntekter.

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2018 - 2022	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Utskifting av bilar	3 343	1 343	500	500	500	500
Radøyhallen oppgraderingar	2 800	1 800	1 000			
Kyrkja	7 975	5 000	2 225	250	250	250
Mindre investeringar	7 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Uteområde Hordabø skule	300	300				
Utstyr gymsal Manger skule	300	300				
Manger skule utviding	14 000	500	1 500	12 000		
Manger skule uteområde	1 500			1 500		
Sæbø skule uteområde	1 800	1 800				
Radøy ungdomsskule, oppgrad	600	100	500			
Rådhus/kulturhus/kino	10 000		5 000	5 000		
Austebygd barnehage, inkl uteområde	3 106	206	2 900			
Ny barnehage Bø	48 400	1 400	47 000			
Vognskur Sæbø barnehage	160	160				
Velferdssenteret oppgradering	1 000	-	1 000			
Oppfølg bustadsosial handplan	24 500	500	14 000	10 000		
Oppgrad omsorgsbustader	4 000	500	3 500			
Ny RIB	3 000					3 000
Turveg/lysløype Manger	5 600	2 600	3 000			
Prestegarden/hagen/tingstova	2 360	360	2 000			
Helsehuset	1 500	1 500				
Kommunale bustader	-	-				
Solhall oppgradering	54 136	25 406	19 230		9 500	
Brannstasjon	16 200	200	1 000	15 000		
Vassprosjekt iht plan	58 025	5 225	11 400	21 900	14 500	5 000
Avløpsprosjekt iht plan	38 500	3 000	19 500	8 800	2 500	4 700
Brannvernutstyr	100	100	-			
Parkeringplass Marøy	250		250			
Tursti Solendfjellet	200		200			
Tiltak iht trafikksikringsplan	6 200	2 200	2 000	2 000	-	
Sum investering	317 355	56 000	139 205	78 450	28 750	14 950

Økonomiplan 2019 - 2022

Økonomiplanen for perioden 2019 - 22 vart vedteken av kommunestyret i juni 2018, sak 026/2018. Økonomiplanen må likevel justerast, basert på endringar og nye opplysningar både i drift og investering.

Investeringsplanen er omfattande, men representerer tiltak rådmannen meiner er viktige, særleg i lys av den vedtekne kommunesamanslåinga. Dei fleste investeringsprosjekta etter 2019 er ikkje kostnadsrekna, men er lagt inn med grovt estimerte tal.

I økonomiplanen er drifta justert i høve til auka kapitalkostnader knytt til investeringar innan VA-området.

Det er i økonomiplanen lagt til grunn at endringar i regelverket om eigedomsskatt ikkje får vesentleg verknad for Radøy kommune.

Høgt investeringsnivå og tilhøyrande store låneopptak får betydeleg verknad for driftsbudsjettet. Låneopptak fører til auka rente- og avdragskostnad, medan investeringane i seg sjølv kan føra til auka, uendra eller til og med redusert kostnadsnivå. Til dømes vil utskifting av fossilbilar til el-bilar kunna gje lågare driftskostnader.

Ein ny barnehage, men same tal avdelingar som før, kan gje lågare energikostnader, men kan også gje auka kostnader til vedlikehald av teknisk

utstyr og anlegg. Dei fysiske arbeidstilhøva blir betre, noko som kan føra til auka trivsel og redusert sjukefråvære. Bygging av nye bustader til menneske med nedsett funksjonsevne vil gje auka driftskostnader, men kan også gje gevinst i form av auka livsglede og opplevd meistring, som igjen kan redusera presset på til dømes heime-tenestene.

Mange av investeringspostane i økonomiplanperioden er «normal» vidareføring frå tidlegare år. Prosjekt innan vatn og avløp er kvalitetssikra gjennom hovudplanar, og er så nær ein kan koma faktiske kostnader, på budsjettstadiet.

Verbalpunkt vedtekne av kommunestyret

Iht tidlegare vedteken økonomiplan er det gjort nokre endringar i investeringar 2020 - 22.

Manger skule utviding - det vert planlagt permanent utviding av kapasiteten ved skulen, med 4 klasserom, grupperom og garderobe i 2020. Også uteområdet ved skulen vert føreslege oppgradert samstundes. Samla kostnad 13,5 mill.

Handlingsplanane for vatn og avløp er rullerte, og det er lagt inn fleire tiltak i perioden. For 2020 innber dette auka kostnad iht tidlegare plan på 20,5 mill, og på avløp 6,2 mill.

Rådmannen vurderer det slik at dei fleste investeringsprosjekta primært vil føra til auka rente- og avdragskostnader, og det er ikkje lagt inn auka driftskostnader som følgje av investeringane i økonomiplanperioden.

Derimot vil det vera heilt avgjerande at drifta vert permanent redusert både i 2020, 2021 og 2022 for at økonomiplanen skal balansera i planperioden. Det er såleis lagt inn ein prosent reduksjon i driftsomfanget i 2020 og 2021 og ytterlegare 1,5% i 2022 for å få balanse i økonomiplanperioden. Vidare er det lagt til grunn utbetalingar frå havbruksfondet anna kvart år i storleik 5 mill.

Likevel er det så vidt drifta ber, og realiteten er at det blir Alver kommune som må gjera naudsynte vedtak for å få drifta i balanse frå 2021 og vidare.

